

Klimajobbar no!

I løpet av dei siste to åra har mange tilsette i oljerelaterte næringar mist jobben, og mange fleire står i fare for å følgja etter. Det som skjer kjem ikkje som noka bombe. Vi er seint ute med ei satsing som vi lenge har peika på burde vore på plass.

Eitt døme er maritim sektor. Anbod for nye ferjer på Vestlandet skal lysast ut for 2016-2020, og der kan ein stilla krav om at ferjene skal vera baserte på nullutsleppsteknologi. Fjellstrand AS i Strandebarm har allereie vist at dette kan dei. Her kan Noreg bli verdsleiande!

I ei tid når 180 ferjer skal bytast ut dei næraste åra, er det ei fallitterklæring for det grønne skiftet i landet at Wärtsilä, som eitt av verdas fremste teknologiselskap innanfor maritim batteriteknologi, må seia opp mange tilsette. Her må styresmaktene på banen med tiltakspakkar som gjer at satsinga hos Wärtsilä og andre norske miljøvennlege og framtidretta verksemder kan halda fram.

Eit anna døme er havbruk. Strengare krav til oppdrettnæringa kan stimulera til å utvikla algedyrking til fiskefôr, og til utvikling av rømmings- og ureinings sikre lukka anlegg.

Eit tredje døme er maritim teknologi. Noreg har høg kompetanse på offshore-installasjonar. Gjennom å dreia denne kompetansen mot havvind og bølgekraft vil vi kunna verta blant verdas fremste på desse områda. Gjennom oljeverksemda har vi òg vorte ekspertar på boreteknologi. Ekspertisen vår i å leggja røyrleidningar til havs, kan gje grunnlag for kostnadseffektiv teknologi for å leggja røyr i vatn og fjordar, for varmpumpeanlegg, og for elektriske kablar til å frakta straum frå havvindmøller.

Eit fjerde døme er hydrogenkompetanse. Noreg har eit leiande selskap for storskala produksjon av hydrogen, NEL, som er ein arv frå Norsk Hydro og anlegga på Rjukan og i Glomfjord. I 2017 kjem Toyota sin hydrogenbil på marknaden i Noreg. Han skal kosta 400 000 kroner og ha 700 km rekkevidde. Altså ein «Tesla» til ein meir overkomeleg pris.

Det trengst berre sju hydrogenfyllestasjonar for at desse bilane kan køyra i heile Sør-Noreg. Det er hydrogen som òg trengst som drivstoff for å lage nullutsleppsåtar som kan trafikera kysten på Vestlandet og i Nord-Noreg. Kvinnherad MDG har dessutan i valprogrammet føreslått Matre som aktuell stad for produksjon av hydrogen, på grunn av rikeleg tilgang på el-kraft, som kan nyttast i periodar når prisane er låge.

Både Erna, Siv og Jonas snakkar i dag om eit grønt skifte når dei held festtalar, men for oss vert dette tomme ord så lenge dei står fast på framleis satsing på olje i Nordsjøen, Barentshavet og i Arktis. Gjennom skattefrådrag for leiteverksemd vert det satsa store summar på subsidiering av dette, som vert tapsprosjekt om klimamåla skal oppfyllast.

Skal Noreg utvikla konkurransedyktige næringar utanfor oljesektoren, må offentlege forskingsmiddel vridast frå olje og gass til utvalde klimavennlege sektorar. Det var ein slik politikk som gjorde danskane leiande på vindmøller på land. Slik har Japan vorte leiande på forbrukarelektronikk. Slik vart California leiande på utvikling av PC-ar og programvare. Og det er slik Noreg kan verta leiande i verda på batteri- og hydrogenåtar, på produksjon og distribusjon av hydrogen for transportføremål, og på berekraftig havbruk og havvind.

Fylke og kommunar er sentrale aktørar for omstillinga som kjem. Valet 14. september er difor viktig. Gjennom klimasmart planlegging kan kommunane bidra ved å leggja til rette for infrastruktur for

klimavennleg næringsliv, og samstundes spara pengar ved tiltak som gjev lågare utslipp i eiga verksemd.

Eit godt planlagd og gjennomført skifte frå eit oljebasert til eit grønt næringsliv, er oppskrifta på nye jobbar, og slik vil vi framleis ha høg sysselsetjing. For at dei som i dag må gå ut portane frå Statoil eller Shell skal finna arbeid, trengst eit politisk skifte med sterkare stimulering av verksemdar som satsar på miljøvennleg teknologi og innovasjon.

Vi er seint ute. Det grøne skiftet må koma no!

Miljøpartiet Dei Grøne

Tom Sverre Tomren, fylkesleiar Hordaland

John Fredrik Tonnesen, ordførarkandidat Stord

Arne Gjerde, ordførarkandidat Kvinnherad